
Fra: Silje Aileen Hjortland Haukedal
Sendt: mandag 12. august 2019 15:27
Til: 'sneltvedt@sl-bygg.no'
Emne: Søknad gbnr 30/9 Radøy

Hei,

Viser til søknad om tilbygg til driftsbygning.

Som nemnt på telefon har saka vore sendet på høyring til landbrukskontoret, sakshandsamingstida er dermed 12 veker frå saka er komplett.

Ansvarsretten til Stål- og landbruksbygg AS er ikkje signert. Ber om å få tilsendt signert ansvarsrett.

Det kjem heller ikkje frem av teikningane kor høgt bygget er.

Bygget søkast oppført 4 meter frå nabogrensa. Det følgjer av pbl. § 29-4 at bygg skal ha avstand til nabogrense som minimum er byggets halve høgde og ikkje under 4 meter. For å kunne vurdere dette må kommunen ha teikningar som dokumenterer kva høgde bygget skal ha.

Etterspurt dokumentasjon må sendast inn innan 02.09.2019.

Med helsing

Silje Haukedal
Konst. Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune
Radøyvegen 1690, 5936 Manger
Tlf.dir: 56 34 90 82
E-post: silje.haukedal@radoy.kommune.no

